Bilag 1 – Kravspesifikasjon

1 Omtale av tenesta som skal ytast

Veterinærane i vaktordninga pliktar å utføre tenesta i tråd med dei krava som er stilte til veterinærar i lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven).

Deltakar i veterinærvakta som har vakt, skal vere tilgjengeleg, vere budde til og syte for utan ugrunna opphald å:

a) oppfylle hjelpeplikta etter dyrehelsepersonelloven § 14,
b) yte veterinærhjelp innan det området vakta omfattar før neste kvardag av dyrehelse-, dyrevern- eller næringsmessige omsyn, og
c) ivareta offentlege interesser, her under utføre friviljuge eller pålagde enkelttenester for det offentlege mot avtalt godtgjersle.

Deltakar i veterinærvakta som ikkje har vakt og som ikkje tek oppdraget sjølv, skal sikre at førespurnader blir viste til vakthavande veterinær. Deltakar i veterinærvakta som ikkje har vakt, er på lik line med andre veterinærar underlagt regelverket om naudhjelp i dyrehelsepersonelloven § 14.

Deltakar i veterinærvakta skal varsle kommunen dersom han/ho ikkje lenger fyller vilkåra for deltaking.

Vaktområda i dei to delkontraktane har i dag ei ordning som fungerer. For å dekke behovet vil det bli inngått 3-4 kontraktar i kvart vaktdistrikt. Det er ei føresetnad at det kjem inn tilstrekkeleg tal kvalifiserte tilbod.

2 Om ordninga og krav til veterinæren

Veterinærvakta er organisert i vaktområde som er oppretta av Mat- og landbruksdepartementet.

Veterinærvakta skal omfatte alle tider av døgnet med unntak av kvardagar (måndag – fredag) kl. 0800 – 1600.

Kvart vaktområde skal normalt vere bemanna med éin veterinær.

Veterinær skal ha autorisasjon som veterinær.

Veterinærar som ikkje har godkjent kompetanse i ante-mortem kontroll i felt, må gjennomføre kurset ante-mortem kontroll, i regi av Mattilsynet innan rimeleg tid. Nytt kurs er sett opp september 2026.

Vaktdistrikta bestemmer tal deltakarar i vaktordninga, likevel slik at ein prøvar å hindre at vaktbelastninga ikkje vert uforsvarleg. Kravet frå veterinærane i dagens ordning er minimum 3 deltakarar per vaktdistrikt.

Kommunen eller den dei gir mynde til det skal setje opp ei vaktliste som dekkjer minst éin kalendermånad.

Deltakar i veterinærvakta skal sende inn vaktrapport og rekning seinast to veker etter utlaupet av kvar kalendermånad.

Veterinæren må meistre norsk godt, både munnleg og skriftleg.

3 Nærmare om vaktperiodar, vaktbemanning og byte av vakter

Ved inngåing av avtalen vert det etablert følgjande rettleiande vaktperiodar og bemanning av desse som er lagt til grunn for utrekning av ressursfordelinga:

1. Kvardag, kveld: kl. 16.00 – 22.00
2. Kvardag, morgon: 06.00 – 08.00
3. Laurdag, sundag, heilag- og høgtidsdag, dag og kveld: kl. 06.00 – 22.00
4. Alle dagar, natt: kl. 22.00 – 06.00

Fordeling av vakter koordinerast av ein av veterinærane i ordninga mot fastsett kompensasjon.

Det er ikkje lov å overlate utføringa av vaktene til andre veterinærar enn deltakarane i veterinærvakta, jf. vedlegg 3, pkt. 1 og 7. Men dersom det oppstår særskilde situasjonar (t.d. sjukdom) og dei ikkje kan dekke opp tenesta med eige personell, har dei høve til å skaffe vikar. Slike tilfelle skal meldast til kommunen.

Det er ei føresetnad at veterinærane i som deltek i ordninga bidreg til godt samarbeid mellom deltakarane. Sjå Standard kontraktsvilkår, punkt 3.

4 Krav til utstyr og bil

Tilbydar må sjølv disponere utstyr som er naudsynt å utøve tenestene som omtala i punkt 1 ovanfor.

Tilbydar må sjølv disponere bil som er eigna for tenesta.

5 Krav til utrykkingstid

For at veterinærvaktordninga skal kunne gjennomførast forsvarleg, er det ei krav at veterinæren oppheld seg i eller i nærleiken av vaktdistriktet i vaktperioden.
Veterinæren skal snarast mogleg yte veterinærbistand i samsvar med prioriteringa.

6 Forhold til regelverket for offentleg støtte i ordninga

Den godtgjersla som vert gitt for å stå på vaktlista vil utgjere offentleg støtte andsynes lov om offentleg støtte. Slik støtte kan ikkje gjevast utan at norsk lov eller forskrift heimlar unntak for det. Regelverket om offentleg støtte er likt i heile EU/EØS.
Norsk forskrift (og EØS-reglane) heimlar slikt unntak for kompensasjon for såkalla «tjenester av allmenn økonomisk betydning» («services of general economic interest» - SGEI).1 Den sikringa av at veterinærar er tilgjengelege ut over vanleg arbeidstid som ligg i veterinærvaktordninga, vil vere en slik teneste. Slike tenester av allmenn økonomisk interesse kan få inntil 500 000 euro i stønad over ein periode på tre rekneskapar. Med dagens valutakurs vil det seie om lag 5,85 millionar kroner over tre år (såkalla bagatellmessig stønad).

[1] Jf. forskrift 14. november 2008 nr. 1213 om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte

Denne stønaden/betalinga for veterinærvakt kan gjevast utan at dette vert notifisert til og må godkjennast av EFTAs overvakingsorgan (ESA) via Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Det er eit vilkår at det er mogleg å rekne seg fram nøyaktig kor stort stønadselementet er i framkant av tildelinga, noko som er oppfylt her ved at parametrane for korleis veterinærane får godtgjersle er klart ved kontraktsinngåinga.
Det er den samla bagatellmessige stønaden som er avgjerande. I dette ligg at stønadsmottakar – den einskilde veterinær – må opplyse om eventuell anna bagatellmessig stønad som er motteke. Stønaden kan ikkje betalast ut før kommunen har kontrollert at det samla stønadsbeløpet ikkje medfører at taket på 500 000 euro vert brote. Stønadsgjevar må difor føre kontroll med annan stønad som veterinærane mottek.

Ved tildeling av kontrakt må:

1. Stønadsgjevar informere om stønadsbeløpet og om karakteren av bagatellmessig stønad for tenester av allmennøkonomisk betyding. Denne informasjonen skal innehalde detaljerte og eksplisitte referansar til kommisjonsforordning (EU) nr. 360/2012 av 25. april 2012 som gjeld som norsk rett, jf. forskrift om unntak frå notifikasjonsplikt for offentleg stønad av 14. november 2008 § 4.2 Eit eigna formular til bruk ved tildeling er lagt ved denne malen til konkurransegrunnlaget.
2. Stønadsgjevar kommunen/vaktdistriktet (heretter «kommunen») må også få skriftleg stadfesting frå stønadsmottakar (veterinær) om eventuell anna bagatellmessig stønad det aktuelle føretaket har motteke i dei tre føregåande budsjettåra, inkludert det året kontrakten vert tildelt. Det spelar her inga rolle kva formål den bagatellmessige stønaden er gitt til. Sjølv om stønaden ikkje har samanheng med kostnaden ved å stå på vaktlista, skal den likevel reknast med. Eit eige formular som kommunen skal leggje fram for veterinæren er lagt ved denne malen til konkurransegrunnlag. Veterinæren skal returnere formularet til kommunen i utfylt stand.

Det finst også andre stønadsordningar enn bagatellmessig støtte. Det er likevel lite truleg at den einskilde veterinæren har fått andre offentlege tilskott som dekkjer dei same kostnadene som betalinga for å delta i vaktordninga skal gjere. Ettersom kommunen er pålagt å føre kontroll med dette, er det likevel teke inn ein rubrikk i skjemaet der den einskilde stønadsmottakar også vert oppmoda om å rapportere om eventuelle andre offentlege tilskott/stønad for å dekkje kostnader knytt til å delta i vaktordninga.

Det vil bli kravd informasjon frå kvart «føretak» som får tildelt stønad. Dersom det er tale om ein einskild veterinær som driv sjølvstendig verksemd åleine er denne veterinæren å sjå på som «føretaket». Dersom ein veterinær arbeider i eit selskap, er det selskapet som sjølv som er «føretaket», og stønaden vert betalt ut til dette. Det inneber at dersom det er fleire veterinærar som arbeider i selskapet, og fleire av dei tek i mot slik stønad for veterinærvakt som her er nemnt, skal beløpet for dei einskilde veterinærane leggjast saman ved utrekninga av kor stort beløp føretaket får. I eit slikt tilfelle er det den samla stønaden til alle veterinærar i føretaket som skal vurderast opp mot grensa på 500 000 euro (ca. 5,85 millionar kroner over tre år).

Når kommunen har kontrollert at deltaking i vaktordninga ikkje medfører at taket på 500 000 euro er passert, kan kontrakt tildelast. Kommunen brukar valutakurs den dagen kontrakt vert tildelt for å rekne ut kor mye veterinæren kan ta i mot betaling/løn for veterinærvakt.

---

[2] Forordninga vart publisert i EU-tidende 25. april 2012, EUT 2012 L114, s. 8. Forordninga vart inkorporert i EØS-avtalen i EØS-komitémøte 7. desember 2012, og vidare i norsk forskrift same dag.

For at kommunen skal kunne føre kontroll med at taket for bagatellmessig stønad på 500 000 euro over ein tre-års periode ikkje er passert, kan kommunen krevje informasjon om motteken stønad kvart år i kontraktperioden. Det same skjemaet som vert nytta ved kontraktstildeling kan nyttast til dette føremålet. Dersom det skulle vise seg i eit konkret tilfelle at taket på 500 000 euro er nådd, kan det ikkje betalst ut ytterlegare godtgjersle for veterinærvakt.

Kommunen må samle og registrere opplysningar om tildeling av stønad til veterinærane etter denne ordninga. Bakgrunnen for dette er at ein skal vere i stand til å svare på eventuelle spørsmål frå ESA om einskildtildelingar under denne ordninga ved kontroll av om reglane vert haldne. Opplysningane skal registrerast i 10 - ti – rekneskapsår etter at stønaden er gitt.

For meir informasjon om regelverket om offentleg støtte, sjå rettleiar frå FAD:
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/konkurransepolitikk/offentlig-stotte/offentlig_stotte_veildere_2011.pdf
Sjå særleg kapittel 6.1.